



Arkivnr: 2014/560-441

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		21.08.2019

Aktivitatar for Ungdommens fylkesutval hausten 2019

Samandrag

Hausten 2019 vil verte spesiell på mange måtar. Først og fremst er det fylkestingsval i september og i neste steg vil det verte store omveltingar med tanke på organisering av nye politiske råd og utval samtidig som ein skal avvike dei noverande konstruksjonane. Dette inneber også ein del endring for Ungdommens fylkesutval denne hausten.

I samråd med leiar og nestleiar har det vore slutta at ein ikkje har fleire formelle møter utover hausten. Ei slik vurdering er gjort fordi ein i utgangspunktet skal ha fokus på avvikling av dei noverande politiske organ. Dette er gjengs for alle avdelingar og organ i Hordaland fylkeskommune. Dette betyr ikkje at Ungdommens fylkesutval kan finne på andre aktivitatar. Til dømes er det ingenting i vegen for at UFU kan arrangere stand-aktivitet (minner om at det er kjøpt inn profileringsartiklar) eller legge opp til ein ettermiddag med presentasjonar frå ulike organisasjonar for læring. Det er heller ingenting i vegen for at dokker kan delta på spanande arrangement dokker blir invitert til eller andre politiske møter eller tilsettingar. Dette kan og ha relevans for arbeid med UPP.

At det ikkje er formelle møte betyr ikkje at det ikkje skal arbeidast med UPP. Dette er eit ansvar alle og ein kvar har.

UFU bes ta stilling til om det allereie no er relevante og aktuelle aktivitatar som kan stadfestast. Sidan helgemøte i august er siste formelle møte vil det vere særskilt viktig at UFU lager seg ein plan og oversikt over den kommande hausten. Dei ulike utvala har kanskje ulike mål for kva som skal skje og da kan det vere lurt å samkjøre seg. Det vil også gjere det enklare å handtere uventa hendingar.

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval setter opp slik plan for hausten 2019:

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.